

STYRESAK

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Helse Bergen HF

DATO: 23.05.2018
SAKSHANDSAMAR: Clara Gram Gjesdal
SAKA GJELD: **Førebels handsaming Utviklingsplan 2035 for Helse Bergen**

STYRESAK: **59/18 0**

STYREMØTE: **30.05.2018**

FORSLAG TIL VEDTAK

Styret tar utkastet til utviklingsplan 2035 for Helse Bergen HF til orientering.

Oppsummering

Nasjonal helse- og sykehusplan (Meld. St. 11 2015-2016) legg til grunn at alle helseføretak skal utarbeide utviklingsplanar. Ein utviklingsplan skal gi føringar for korleis føretaket skal utvikle seg for å kunne møte dei framtidige behova for helsetenester innanfor dei rammene som ligg for verksemda.

Arbeidet med utviklingsplanen for Helse Bergen HF har vore organisert som eit prosjekt, og styret har blitt involvert ved at utviklingsplanen har vore på sakskartet på fleire av styremøta i prosjektperioden. Planen er no sendt på høyring til kommunane og andre samarbeidspartar, og styret skal behandle den ferdige planen i møtet 27. september 2018.

Fakta

Den nasjonale rettleiaren for arbeid med utviklingsplanar har vore utgangspunkt for arbeidet, saman med føringar frå Helse Vest RHF. Det har vore ei brei involvering i prosessen. Mellom anna har alle kommunar vore inviterte til to møte for å gi innspel til planen, alle samarbeidsutvala har vore involverte, det same gjeld private, ideelle samarbeidspartar og utdanningsinstitusjonane.

Internt har det vore møte med dei tillitsvalde, verneomboda, Brukarutval, Ungdomsråd, leiarar på ulike nivå og fleire fagmiljø. Føretaksleiinga har vore styringsgruppe for arbeidet.

Det har vore stilt spørsmål ved om befolkningsutviklinga vi legg til grunn, vil slå til. SSB kjem med ny framskriving 26. juni i år. Vi vil då vurdere kva konsekvensar den oppdaterte framskrivinga får for analysane vi har gjort i planen.

Det er eit førsteutkast som no blir lagt fram for styret, og vi ber om innspel til heile planen. Prehospital plan er utarbeidd parallelt med utviklingsplanen og skal inngå i endeleg plan. Prehospital plan er på høyring, og styret vil få den framlagt separat i møtet 20. juni for å sikre god nok tid til behandling av dokumenta.

Utviklingsplanen vil bli ferdigstilt etter at alle høyringsfråsegnene har komme inn. Høyringsfristen er utvida til 24. august for kommunane, brukarutvala og Hordaland fylkeskommune, og 6. juli for andre høyringspartar. Vi vil komme tilbake til styret med oppdatert målkapittel og orientering om høyringssvara i augustmøtet, og ber om endeleg behandling av planen i møtet 27. september 2018 – sjå tidsplan neste side.

Vedlegg

Utviklingsplan 2035 v. 0.3

Detaljert tidsplan sluttbehandling UP35, inkludert prehospital plan

